

MEDDELELSER

FRA

DET NORSKE MYRSELSKAP

Nr. 3

Juni 1949

47. årgang

Redigert av Aasulv Løddesøl.

ANLEGG OG DRIFT AV FELLESBEITE.

Av forsøksleiar Haakon Sløgedal.

Foredrag den 7. mars 1949 på et fellesmøte av Det norske myrselskap og Selskapet Ny Jord.

Tanken om fellesbeite — eller dyrka sambeite som eg helst vil kalla dei — er ikkje så heilt ny. Det fyrste opptaket eg kjenner til i så måte er frå 1935, og det har vore ein del interesse for saka gjennom heile det siste ti-året.

Skort på arbeidskraft og driftsmidlar — og under krigen også andre ting — har gjort at det fyrst er i dei aller siste åra at arbeidet med saka har fått breidde.

Når tanken om samdrift av dyrka beite i det heile er tatt opp, så ligg grunnen, etter det eg kan skjønne, berre for ein del i dei føremoner som ei samdrift skulle gje samanlikna med drift av beite på kvart bruk.

Ein kan sjølvsagt peike på ein heil del føremoner som ein skulle kunne vente seg av samdrifta.

Dyrkinga skulle bli rimelegare når ein kunne ta store teigar om gongen — og serleg om ein kunne nytte maskinell rydjing.

Det årlege arbeidet skulle bli mindre pr. arealeining, og husdyr-stellet lettare avdi ein meire kunne gjere seg nytte av mjølkemaskiner og anna dyr reidskap. Det blir mindre gjerdelengd pr. dekar på store beite og skiftedeling av beita og gruppedeling av buskapen er lettare å gjennomføre då.

Ein føremon vil det og vere at husmora på mange små bruk ville sleppe å vere bunden av husdyr-stellet i sumarhalvåret.

Men, sambeita vil ikkje ha alle føremoner på si side.

For små bruk kan det ha mykje å segje at beitedyrking på før udyrka jord gjer innmarksarealet på bruket større — slik at det blir meir å arbeide med. Men beitet på garden kan ein oftast spare den ny kostnad av hus og den vegbygging ein får som medlem i eit sambeitelag. Det er dessutan lettare å passe dyrkingsarbeidet inn i arbeidsprogrammet når ein har det på bruket, enn når ein må ta det

som pliktdagsverk og etter tilsegjing. Med eige beite rår ein sjølv for dyra og drifta, og ein har mjølk i huset heile året igjennom.

Eg kunne halde fram med på denne måten å vege føremoner og manglar ved samdrifta mot kvarandre. Det er ikkje turvande.

Til nå er dei fleste av våre dyrka beite knytt beinveges til bruka. Er dei vel stelte og vel brukte, så er resultatet jamt over så godt at eg ser ikkje nokon grunn til å gå over til samdrift før ein har noko meir røynsle for at det er føremoner ved det.

Det som driv denne saka fram er den ting at vi har ei mengd bruk som ikkje har jord som dei kan, eller bør, bruke til beite.

Verst stilte i så måte er dei mange små bruk i dei mest tettgrendte luter av flatbygdene på Austlandet. Desse bruka er ofte heilt utan utmark, og kan heller ikkje få utmarksteigar innåt bruket avdi den skog og utmark som høyrer bygda til ligg langt unna og er for storparten almenning.

Er arealet av bruket på førehand for lite, kan ein til vanleg ikkje rå til å ta av den dyrka jord til beite. Skal desse bruka ha storfe, må dei få beitet utanom bruket.

Noko betre stilt er dei bruk elles i landet som nok er utan beitejord, men som ligg slik til at det kan vere von om å få kjøpt til slik jord ved eller i nærleiken av bruket.

I ein del strok av landet er nedbøren så liten og den jorda som i tilfelle måtte brukast så lite skikka at det ikkje kan bli gode beite heime ved garden. Dette er typisk for ein del av dal- og fjellbygdene våre, og det er også nemnd for flatbygder som t. d. deler av Ringerike.

For slike bruk, og serleg dei i fyrstnemnde gruppe, er det nå knapt nokon annan utveg til å få beite enn å dyrke og drive sambeite.

Eg trur det er rett at vi i dei fyrste åra framover arbeider mest med å skaffe denne brukstypen sambeite. Etter nokre år vil ein så gjennom desse laga vinne kjennskap til diftsmåten, og då kan ein med langt større visse avgjere spursmålet om sambeite eller eige beite for alle dei bruk som står noko meir fritt i valet.

Det som seinare blir nemnt gjeld under denne føresetnad.

Vi har ingen statistikk — for heile landet — som viser kor mange bruk det er som ikkje har jord til beite.

Etter det kjennskap eg har til dette meiner eg likevel det må vere nokså avgjort at det er flest av dei over flatbygdene, serleg i luten av Hedmark og Opland, og kan hende i nokre få av fjellbygdene.

For Hedmark har vi ei beiteteljing for 6 representativt valde herad, utført av Hedmark landbruksselskap i 1942. Teljinga omfatar Furnes, Løten, Sør-Odal, Grue, Elverum og Tynset. Den gjev god rettleiing for dette fylket.

Tala på bruk som i det heile ikkje har og ikkje kan få beite på bruket er slik:

Storleiks-klasse.	5—20 dekar	20—75 dekar	Over 75 dekar	I alt dyr på desse bruka	Turvande beitejord, dekar
Furnes . . .	141	21	0	270	1600
Løten . . .	134	23	4	261	1560
Sør-Odal . .	158	52	4	371	2200
Grue . . .	160	160	8	872	5200
Elverum . .	170	30	4	417	2500
Tynset . . .	37	27	—	170	1000

Berre desse tala gjev sjølvstekt ikkje noko rett bilete av situasjonen, men dei viser i kvart fall at det er mange bruk som er og må bli beitelause om dei ikkje får beitet utanom bruket. Dessutan viste det seg at buskapan på desse bruka svingar kring 2—3 kyr.

Kor stort eit bruk må vere for å ha meir gagn av eige beite enn av lut i sambeite, det veit vi svært lite om. Førebels må ein vel kunne rekne med at det må vere minst så stort at stellet av buskapan og av beitet gjev arbeid for ein mann.

Om ein tar berre dei bruk som er heilt utan skikka beitejord, så vil det etter dei nyss siterte tal vere trong for vel 1600 dekar i Furnes, 1560 i Løten, 2200 i Sør-Odal, 5200 i Grue, 2500 i Elverum og 1000 i Tynset. — Då nyttar eg den norm for beitevidd som er brukt i teljinga.

Legg ein så til dei areal som må til for alle dei bruk som har så mykje for lite av lageleg jord at dei av den grunn ikkje kan rekne med eige beite, så må vi kome opp i store areal i mange herad.

Ein må desutan rekne med at den jord som trengs må ligge slik at ein kan få det turvande areal for eit lag innan ein liten omkrins.

Vi har ikkje nokon norm for kor stort areal eit lag treng, men eg trur ein gjer rettast i å rekne med mellom 300 og 600 dekar effektivt beite.

Har vi då så mykje av høveleg jord? Det er nok ikkje i mange herad at det er å finne nede i bygdene. Men der det er slik — der bør beitelaga så langt råd er leggjast dit. Eg kan ikkje sjå det onnorleis enn at beitedyrking for bruk som er for små må vere likeverdige med bureising i så måte.

Det vanlege er nok at skal ein finne jord for beitelaga, så må ein ut i utkantane, oftast opp i åsmarker og almenningar. For dal- og fjellbygdene blir det endåtil ofte tale om jord heilt opp i sæterstroka.

I desse trakter er beitedyrkinga så lite prøvd at det er grunn til å spyrra om dette kan reknast som lageleg jord.

Vi har rett nok ikkje så få forsøk med engdyrking — både frå lågare åsmarker og frå sætertrakter, men eg tru ikkje at vi utan vidare kan overføre resultatata til dyrking av beitegras.

Eg vil derfor referere nokre få resultat av prøvedyrking og dyrkingsforsøk for beite. Ved prøvedyrking på sætrane Nybu og Ormsætra i Vang fekk Statens forsøksgard Møystad desse avlingane:

Myr, grøfta, harva, kalka og gjødsla gav gjennom 2 engår og 3 beiteår avlingar som svarer til om lag 175 à 200 føreiningar pr. dekar.

Lynggrabbar på sparagmitmorene gav etter kalking, harving, gjødsling og frøsåing om lag same avling. Høgda over havet er 660 og 550 meter.

Sæter- og beiteutvalet i Selskapet for Norges Vel har utført forsøk med dyrking av beite i lodd nr. 2 i Totenalmeningen. Feltet låg på god grasmyr ca. 630 m. o. h. Det vart pløgd, harva, kalka, gjødsla, frøsådd, og seinare gjødsla årleg med mengder som i medel for åra 1938—48 kosta kr. 11,28 pr. dekar. Avlinga i dei same år vart i medel 190 føreiningar, og kosta 18—20 øre pr. føreining. Beitetida vart ca. 85 dagar (ungdyr).

For tida held vi i Sæter- og beiteutvalet på med oppgjer av 3 beitedyrkingsforsøk i sæterstrok. Det er eit felt i Brekken, eitt i Ringebu og eitt på Voss. Høgden er 900—600 m. o. h. Det er på alle tre felt gjødsla på den grasmatta som var der då forsøket byrja. Det er grøfta litt der det trongs — men elles er det ikkje lagt ned noko serleg av dyrkingsarbeid. Alle tre felt låg på eller ved sætervoll eller dyrka mark. Medelavlingane ligg mellom 103 og 134 føreiningar pr. dekar. Beitetida vart mellom 60 og 90 dagar.

Avlingane kan synes små, men gjødslinga var heller ikkje sterk. Desutan viste det seg at på eldre sætervoll i god hevd og lagelegt lende kan medelavlinga gå opp til ca. 180 føreiningar, sjølv i høgder på 600—700 m o. h.

Forsøka er ikkje slutt, og eg kan ikkje segje noko meir om resultatet nå.

Eg synes likevel det er grunn til å sjå seg vel føre ved val av jord til sambeita.

Den stuttare beitetida i dei større høgder er eit moment som veg tungt. På dei opne beitefelta lid dyra ofte meir i kulde og uver enn dei gjer i bjørkekratt og småskog.

Vi må vidare rekne med at grøftinga på slike stader i det minste må vere like god og at gjødslinga må vere like stor i tilhøve til den avlinga vi ventar å få.

Ein bør etter mitt skjøn legge vekt på å få jord som ikkje ligg for høgt. — Førebels kan ein vel segje at held ein seg i høgder mellom 400 og 600 m i Austlandsfylka og tilsvarende lågare vestpå og lengre nord, så skulle ein kunne rekne med avlingar som kan bere vanleg dyrkingskostnad — også for myr.

Krava til jorda blir elles dei same som ved vanleg beitedyrking.

Råmesterk, men ikkje for kald fastmarksjord er best. Tørr grusjord og rein mosemyr er ringst.

I åsmarker og almenningar er nok ofte den beste fastmarksjorda også god skogsbonitet. Men eg vil spesielt nemne at eg har sett ikkje så lite av forsumpa fastmark — eller sers grunn myr med god grøfting vil bli sers lageleg til beite.

Av myrane er elles grasmyrane dei som er lettast å få beite av. Dei betre skog- og krattmyrane er kvalitativt sett minst like vel-skikka, men dei er sjølvstygne å setja i stand.

Reine mosemyrar eller dei ringste typer av grasrike mosemyrar bør ein unngå om ein kan.

Blir beitet lagt på myr vil det tvillaust vere ein føremon om ein kan få litt fastmarksjord eller overgangsjord slik at ein kan få eit par skift av det og. Det er serleg bra dersom denne jorda ligg slik at ein her kan få tidlegare beite om våren.

Eg kan ikkje føre noko prov for det, men eg trur vi må rekne med at dei aller fleste sambeite blir liggjande på myr, med det meste av arealet. I dei fleste bygder er det også myrreal nok — men det er eit spørsmål om det er nok av god og lageleg myr.

Vi har ikkje noko lands-teljning som kan segje noko om det, men eg kan som døme nemne tilhøva for eit av dei herad som var med i beiteteljninga for Hedmark av 1942.

I myrselskapets inventering var det for Furnes tatt med i alt vel 41.000 dekar myr. Dei beste, og på fleire vis lagelegaste myrane utgjorde i alt ca. 31.000 dekar. Av dei 10.000 dekar som er karakterisert som «noenlunde god dyrkingsmyr» er 4.000 grasrik mosemyr, 2300 bjørkeskogmyr, 2200 grasmyr og 1500 dekar krattmyr. Det meste av desse myrane ligg mellom 450 og 600 m o. h.

Held ein desse tala saman med resultatet av beiteteljninga, så må ein segje at det ikkje berre er nok til å gje plass for dei 1600 dekar beitejord som trengs til dei bruk som i det heile ikkje kan få beite på garden, men det er også meir enn nok til å gje plass for alt det udekte beitearealet i Furnes. Det er på ca. 3000 dekar.

Når eg har tatt med desse tala, så er det for også å streke under at dei lagelege myrane ofte utgjør ein så liten prosent av det samla myrreal at laga har grunn til å vere varsame i valet. For så store prosjekt som dette ofte er, synes eg det er all grunn til å be om fagleg rettleiing av våre myrspesialistar.

Det er heller ikkje alle herad som har slikt overskot av brukande myr som Furnes.

Når vi som har arbeidd noko med dette ikkje så sjeldan er varsame med å tilrå beitelaga å ta visse myrar, så er det ikkje berre på grunn av kvaliteten. Det er i røynda like ofte på grunn av dyrkingskostnaden.

Nå kan ein sjølvstyg ikkje setje opp nokon norm for kva beitedyrking kostar. Tilhøva er altfor skiftande til det.

For å markere skilnaden vil eg likevel referere nokre tal frå eit par dyrkingsforsøk som Sæter- og beiteutvalet har hatt. Beitedyrking av granskogbotn på morenejord — på Apelsvoll — kosta frå kr. 165 til kr. 195 pr. dekar rekna etter prisane i 1947. Det var der nok å harve, gjødsle og frøsa.

Rekna etter same prisnivå kom grøfting, pløging, harving, kalking, gjødsling og frøsaing av eit forsøksfelt på myr i Totenalmeningen på kr. 350,— pr. dekar. Det er grøftinga, fyrst og fremst, som gjer myrbeita så dyre. Skilnaden blir sjølv sagt langt mindre om fastmarka må grøftast.

Det har vore sagt at på dei store sambeita må ein kunne nytte maskinell rydjing.

Når det gjeld grøftinga, må eg segje at eg ikkje sjølv har sett maskingrøfting av myr, — eg har heller ikkje sett meldingar om det som gjev grunnlag for nokon vurdering.

Pløging av myra trur eg går like fort med god plog og traktor — eventuelt beltetraktor — som med andre reidskap eg har sett.

Bulldozerrydjing er nå ikkje så lite brukt på fastmark. Noko sikker oppgåve over det denne kostar har vi ikkje. Vi har ved beiteforsøkgarden fått samla ein del data frå Eina og Vestre Toten. På den måten arbeidet blir gjort i Eina rydjer ein 7 til 10 tonns bulldozer frå 3/4 til 1 1/2 dekar stubbemark på morenejord pr. time. Stubbane er då 3—4 år gamle. Rekna etter ein pris pr. time på kr. 40—60 kjem rydjinga då på mellom kr. 50 og kr. 80 pr. dekar. Etteterrydjinga kosta frå om lag det same til bortimot det doble. Rydjing med etterrydjing kom på 150 à kr. 200 pr. dekar.

Eg nemner ikkje dette som nokon avgjerande vurdering av bulldozerrydjinga, men for å vise at vi i kvart fall ikkje nå kan rekne med å få sambeita dyrka så mykje billigare på den måten. Det kan derimot vere ein stor føremon om i kvart fall ein del av arealet blir jamna og stelt på denne måten.

Blir beitefeltet liggande langt frå veg, må ein også rekne med utlegg til denne. Vegbygginga kan sikkert i stor mon mekaniserast, og her er bulldozeren til god hjelp. Etter dagens prisar gjer ein vel rett i å rekne med at kostnaden i mange fall vil ligge mellom kr. 6.000 og kr. 10.000 pr. km.

Av denne grunn har jord som ligg like ved veg — helst gjenomgangsveg — store føremoner, fordi ein må rekne med at mjølka må hentast med bil.

Når eg har tatt med så mykje om det som eg til nå har nemnt, så er det fordi eg held ei rett vurdering av driftstillhøve og dyrkingskostnad for avgjerande. Ei feilvurdering her kan sidan velte heile laget.

Det er ikkje turvande her å gå i detalj når det gjeld skiping av sambeitelaget.

Eg vil berre nemne at det greiaste er at det fyrst blir kalla

saman til møte av interesserte og at det blir vald ei arbeidsnemnd.

Det fyrste nemnda bør gjere, er å røkje etter kvar og korleis laget kan få jord.

Denne nemnda bør så — saman med ein eller fleire representantar for jordstyret, heradsagronomen og helst ein beitesakkunnig tenestemann — synfare dei felt det kan bli tale om.

Det feltet som blir vald, bør så kartleggast. På kartet må ein måle inn det som er brukande beitejord og likeeins det som i så fall skal stå att som uskikka til beite eller som livd for dyra. Di høgge beitet ligg, di meire naudsynt er det at det mellom skifta blir sett att belter av skog og kratt.

På kartet måler ein inn vegar og kanalar. Hustomta må ein finne samstundes og måle ho inn.

Er det god von om å få laget i gang, bør arbeidsnemnda syte for å få eit overslag over kva det vil koste å setja beitet i stand.

Dyrkingsmåtane blir i regelen dei same som på vanlege beite. Det vil føre reint for langt å kome inn på det her. Det same kan ein segje om grøftinga, men eg vil streke under at ein ikkje må rekne med mindre grøfter i større høgder — tvertimot.

Vegbygginga har eg nemnd litt om før. Det bør vere bilveg heilt fram til beitet.

Tomta der husa blir bygt må framfor alt vere tørrlendt. Er det høve til å få lagt inn trykkvatn, er det ein stor føremon.

Hus og fjøs må ligge slik at folka og buskapen har inngang til fjøset frå kvar sin kant.

Fjøset må vere såpass romsleg at i kvart fall alle mjølkekyrne får plass. Er det ikkje meir enn vanlegt kaldt og verhardt på tomta, skulle det klare seg med bindingsverk og enkel bordvegg. Det skulle vel også klare seg å bygge etter den gamle skikken med gang i midten og dyra bundne mot veggen frå kvar side. Legg ein fjøset med langsida på tvert av ei helling, kan det lagast til plass for gjødsla under golvet. Likeeins kan ein då køyre langsmed øvresida av fjøset og legge tilskotsfåret beinveges i båsane gjennom langsgående lemmer i veggen. Det vil som regel ikkje bli over halve buskapen som treng slikt før, og det er då nok å kunne føre frå ei side.

I samanheng med fjøset må det vere silingsrom med kjølekum og plass for vaskearbeidet.

Ein må også rekne med at det før eller seinare må setjast opp silo.

Likeeins må det — helst i eit eige hus — vere rom for røktarane.

Når laget skal skipast, bør det vere klart korleis det kan klare den finansielle side av sakå.

Sambeitelaga kan, som kjend, få statstilskot innan visse grenser, både til oppdyrkinga, og til gjødsling av beita i dei fyrste 4 år. Etter framlegget i budsjettproporsjoner for 1949—50 kan tilskotet maksimalt bli kr. 120,— pr. dekar til oppdyrking og kr. 6,— pr. år til gjødsl.

Av andre utvegar til å skaffe midlar kan eg nemne:

- Lån av Jorddyrkingsfondet til overflatedyrking.
- Statstilskott til bygging av sætervegar.
- Lån i Småbruk- og boligbanken til huskostnaden.
- Lån av driftskredittkassen til driftsmidlar.
- Lån av Heibeteifondet til kjøp av jord.

Ein kan ikkje rekne med å nytte alle desse utvegane til same tiltak.

I alle tilfelle må laget rekne med å skaffe ikkje så lite startkapital sjølv. Til husbygging kan ein rekne med at laget må låne og at lagslemene må garantere for lånet.

Til vegbygging og til oppdyrking og istandsetjing av beitet kan laget anten leige all arbeidshjelp eller i størst mogleg mon skrive ut pliktdagsverk. Det siste er nok tryggaste måten, og det er etter skjøn ein av ulempene ved mekanisert rydjing at utlegga då i større mon anten må takast frå lån eller frå kontant innbetaling frå lagslemene.

Det kan vere ulike meiningar om kor langt ein skal førebu saka før laget blir konstituert. Eg trur det er best at saka blir mest mogleg utgreidd slik at dei som vil vere med blir fullt klår over både rettar og plikter.

Eg kan ikkje kome inn på skipinga av laget.

Det blir sjølvagt konstituert som eit samyrkelag med lotter i samsvar med talet på husdyrtalet på vedkomande bruk.

Det er nå arbeidd ut eit revidert framlegg til normalvedtekter. Dei vil truleg bli godkjende og trykt av Landbruksdepartementet med det fyrste.

Så snart styret er vald, må det ta over ansvaret for drifta av laget.

Her finn eg grunn til å streke under at etter som eg ser det, må laget drive heile arealet som eitt beite, og dei dyr som er samla i beitet må ein sjå på som ein buskap. Eg trur ikkje det vil gå bra i lengda om einskilde lagslemer skal få røkte og styre med sine eigne dyr.

Ein kan vel gå ut frå at i dei fleste fall blir buskapen ei samling av mjølkekyr, ungdyr, nokre hestar og eventuelt sauer vår og haust.

Det ville vere enklast om ein kunne la dyra gå i ein flokk, og det kan vel hende at ein i visse fall blir nøydd til å gjere det til å byrje med. Dei høgtytande dyr vil på den måten få for liten og/eller for ujamn førtilgang. Det gjev sjølvstomt mindre avdrått og mindre gagn av beitet, serleg for dei som har dei beste dyr. Så fort det let seg gjennomføre, bør difor buskapen delast i to eller tre flokkar etter ytinga. Gruppene må så beite etter tur på vanleg måte. Dette vil vel ofte bli ei rik og nokså årssikker kjelde til misnøgje, men det er ein ulempe som eg trur det vil svare seg å ta.

Gjødslinga og stellet av beitet kan eg ikkje ta med her. Det vil bli om lag som vanlegt for dyrka beite.

Det kan derimot vere grunn til å nemne hjelpefôret. Både dei fyrste dagane om våren og endå meir dei siste vekene om hausten kan det vere naudsynt å gje tilskotsfôr til dei dyr som mjølkar mest. Som tilskotsfôr kan ein godt bruke silofôr som er hausta om våren medan det er overskot på beite. Ved å hauste nokre skift då og legge i silo, regulerer ein også fôrtilgangen noko. For å kunne dele utgiftene rett må det først arbeidsbok for slått og berging av fôret og fôrrekneskap for dei dyr som får tilskotsfôr.

Oppgjeret for mjølkeavdråtten kan ein ordne på ein av to måtar: Ein kan kontrollere mjølkemengda ved samarbeitefjøsset for kvar ku, eller for dyra åt kvar eigar, med visse mellomrom. Er alle dyra med i kontrollag, kan ein ta tala frå kontrollrekneskapen og rekne mjølkeytinga etter det. Ordnar ein det slik, kan mjølka bli sendt samla frå samarbeitefjøsset til meieriet. Denne måten høver tvillaust best for dei lag der det er mange lotteigarar, men få dyr, på kvar.

Ein kan også ordne det slik at kvar eigar har sitt — eller sine — spannc for transport av mjølka frå hans dyr. Meierioppgjeret vil då vise mjølkemengdene. Denne måten vil høve best der det er få lott-eigarar med mange dyr kvar.

Sendar lotteigarane alle mjølkekyrne på samarbeite, vil det bli vanskar med å få levert mjølk attende til bruket. Det spørst om ein ikkje må rekne med at medlemene i staden for å få sendt mjølka i småspannc frå beitet, må ta ut den mjølka dei treng på meieri eller meieriutsal, mot trekk i mjølkeoppgjeret.

Utgiftene med anlegget av beitet må sjølvstakt liknast ut på lottene. Dei årlege utlegg derimot må liknast ut på beitedagar og avdrått.

Det mest enkle ville sjølvstakt vore å berre legge talet på beitedagar til grunn. Beitedagar for hest, ungt og sau må då reknast om til beitedagar for ku. Dette kan vel gå så lenge dyra beiter i ein flokk. Er det derimot gruppedeling og det er brukt tilskotsfôr til nokre av dyra, så ville det bli urettvist. For å gjera saka enkel kunne ein då rekne t. d. 8 eller 10 kg mjølk og likeeins 1 kg tilvekst = 1 beitedag for ku. Dei samla utgifter kan då utliknast etter den samla sum.

Det har av og til vore på tale å få i stand samarbeite for ungt, for dermed å få meir beite for mjølkefeet på dei vanlege kulturbeita. Det vil sikkert vere lettare driftsmåte enn å lage samarbeite for mjølkefe. Det er berre det å merke at tar vi etterbeitingssgruppa bort frå mjølkefebeitene, så klarer vi ikkje å halde dei i orden utan bruk av langt større mengder tilskotsfôr og meire pusse-arbeid.

Det er sjølvstakt at resultatet av ei samdrift — serleg når det er med mykje gode mjølkekyr — i stor mon vil stå på kor flink røktaren er. Han må ordne det daglege arbeid og ha ansvar for dyra. Eg kan

berre nemne kva det kunne føre til i fall røktaren ikkje passa på i fall det kom inn sjuke dyr i flokken.

Styret på si side må legge grei plan for drifta og syte for å få den gjennomført. Styret eller formannen må ha fullt rådvælde til å fastsetje kva tid dyra skal sleppast på beite, korleis dei skal beite, eventuelt også kva gruppe dei einskilde dyr skal vere i, korleis det skal vere med tilskotsfôr, kva tid beitetida er slutt og meir slikt.

Det har vist seg at det har valde vanskar for ein del medlemmer å gje heilt slepp på råderetten til å vere med å avgjere beiteordning og stell av dyra. Eg trur ikkje det går nokon brukande veg utanom det.

Vi har alt nå to-tre lag som har vore i drift i fleire år og som har arbeidd godt. Vi skal vere takksame mot dei som gjekk i brodden for desse og takksame mot dei som fyrst tok opp arbeidet med forsøk på dette området. Det dei har røynt, har vi sidan kunne drege nytte av.

Vel er det slik at vi ikkje kan vente at ein med enklare midlar eller mindre kapital kan oppnå betre avlingsresultat på denne måten enn elles. Det vi etter mitt skjøn har lov til å vone, er at i kvart fall opp til høgder på 500—600 m o. h. vil avlingane på lagelege stader bli så store at produksjonsprisen blir rimeleg.

Blir så beitelaga bygd på ei nøktern fagleg vurdering av tilhøva, og går lagslemene inn for å fylle pliktene sine i laget, då vil desse sambeita kome til å bli ein sers verdfull tilvekst for det norske jordbruket.

LYNGSVIDING I HEI OG BEITESMARK.

Av fylkesskulelærar Ragnar Streitlien, Helleland.

«Eld han tarv som inn er komen og om kne kulsar,» heiter det i Håvamål. Nordmennene har nok alt tidleg lært å setja pris på elden og det er forstæeleg i vårt kalde klima. Men elden var nok alt frå første stund det same tvieggja sverdet som den kan vera den dag i dag. Den er ein låk herre, men ein god tenar.

Og som tenar har den vore brukt på fleire vis frå utgamle tider. Det er heilt sikkert at ein av dei eldste måtar å rydde jord på for å få så korn, det er gjort med eld. Ein brend og svei av skog og lyng og sådde i oska. Denne bruksmåten er kjend i Danmark for 4500 år sidan.

Elden har og frå utgamal tid vore eit effektivt krigsvåpen. Mest alle buplassar som til i dag er gravne ut frå folkevandringstida t. d. syner at dei er brende ned. Elden var nok den tids atombombe. Frå Njåls saga veit vi at både Njål og Gunnar av Lidarende vart brende inne.